



Saksframlegg

Høyringssvar frå Voss herad til framlegg om endringar i organisasjonsstrukturen før dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt

Saksnr.	Utval	Møtedato
61/26	Formannskapet, Plan og økonomi	03.09.2026
79/26	Heradsstyret	10.09.2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Voss herad gjev fylgjande høyringssvar til Vest politidistrikt sitt framlegg om endring i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt:

Svar til spørsmål 1

Voss herad har forståing for at politiet sine oppgåver og rolle er i endring. Nye trusselbilete både i høve internasjonal uro, kriminalitet over landegrenser og digital kriminalitet utfordrar politiet sine arbeidsprosessar. Me anerkjenner også at utfordringsbilete og kompleksiteten er annleis i byane og dei større sentra enn i distrikta.

Politimeisteren ynskjer å endra ressursbruken frå stasjonære møtepunkt til digitale møtepunkt, tilpassa politistasjonar og mobile møteplassar. Voss herad har ikkje prinsipielle innvendingar mot dette, men vil peike på viktigheita av at det er nok politifolk og patruljer tilgjengeleg til ei kvar tid til å kunne handtera dei store avstandane og samtidskonfliktar. Voss herad er eit regionsenter med store avstandar med geografiske utfordringar knytt til jernbane, fjordkryssingar, tunellar og ras- og ulukkesutsette vegar. Dette gjer at me treng eit sterkt og kompetent politikontor som kan betene det store omlandet som ligg i den nye organiseringa.

Vår erfaring er at det for lokalsamfunna er viktig at det er god operativ bemanninga i politiet som er tilgjengeleg for kommune og innbyggjarar. Om det skjer gjennom fysiske politikontor eller mobile oppmøteplassar er ikkje det viktigaste. Det viktigaste for oss er å kjempe mot den lokale kriminaliteten gjennom førebyggjande arbeid og at politiet rekk fram innan rimeleg tid når noko alvorleg skjer. Dette får me berre til gjennom eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom politi, kommune og andre relevante aktørar. Føresetnaden for denne tilliten er at dei menneskelege relasjonane vert bygd opp over tid og at partane møtast og samarbeider i konkrete fora og saker. Det er også eit poeng at kriminaliteten ikkje kjenner kommunegrensene og at det er behov for geografisk samordning på det kriminalitetsførebyggjande feltet.

Svar til spørsmål 2

Kommunen er einig i at sårbarheitene som er peikt på i høyringsbrevet er relevante, og at det må etablerast avbøtande tiltak. Voss herad ser dei avbøtande tiltaka som treffande. Samla sett vil me peike på fylgjande:

- Når politikontor vert nedlagt eller omdefinert til «tilpassa stasjonar» vert flåtestyringa vesentleg, men det viktigaste er likevel at det er nok patruljer tilgjengeleg til å kunne handtera samtidighetskonfliktar.
- Dialog, samarbeid og gode relasjonar er den viktigaste føresetnaden for å lukkast med all førebygging og arbeid mot kriminalitet. Politikontakt, beredskapskontakt, formelle og uformelle arenaene for samarbeid er tiltak som må utviklast vidare.

Svar på spørsmål 3

Førebygging

Kommunane er svært avhengig av politiet for å kunne gjera eit godt kriminalitetsførebyggjande arbeid. For å sikra eit godt og tillitsfullt samarbeid er politikontakten vesentleg. Det er gjennom dei fysiske møta og samarbeidet me byggjer den relasjonen som sikrar måloppnåing. Voss herad ynskjer å vidareutvikle det førebyggjande arbeidet i samarbeid med politiet. Me har konkrete innspel på fylgjande tema:

- **Tvungen psykisk helsevern:**

Voss herad ser det som vesentleg å få bistand i akutte situasjonar, og ved gjennomføring av farligheitsvurderingar m.v. For å sikra lik forståing av behov og situasjon, er det hensiktsmessig med fleire treffpunkt. Til dømes har me opplevd mistydingar rundt tilsette si moglegheit for å bruke fysisk tvang på sjukeheim, krav om å utlevere teiepliktige opplysningar frå legevakta og krav om at varsling om akutte hendingar skal gå via AMK og ikkje direkte til politiet (AMK er ikkje del av den kommunale helsetenesta).

- **Mangfald og inkludering:**

Me vert i stadig større grad ei meir samansett befolkning. Dette gjeld og i distrikta. Om lag 15% av innbyggjarane i Voss herad har innvandrarbakgrunn. Det er auka trong for mangfaldskompetanse hjå politiet og fokusert kommunikasjon mot denne delen av befolkninga i samarbeid med den kommunale integreringstenesta.

- **Barnevern**

Det er viktig for oss at politiet kan halda fram med å bistå ved behov, og at dette ikkje er noko som vert justert ned. Me treng å drøfte problemstillingar med politiet, at politiet bistår i akuttsituasjonar (høgriskomøter, heimebesøk), samarbeid med barnevernsvakta kveld/helg. Ideelt sett ynskjer me å kunne nytta politijurist til å fatte akuttvedtak om plassering av born når det er helg/høgtd/lang reiseveg. Dette er ei endring som vil krevja lovendring, og me vil difor også aktualisera dette i seinare møte og dialogar.

- **Lokal kriminalitetsførebygging (/SLT)**

Politikontakten er den viktigaste ressursen i samarbeidet mellom heradet og politiet når det gjeld kriminalitetsførebygging. Det er viktig at politiet stiller fast i SLT-møta ein gong kvar månad for å sikre felles situasjonsforståing av ungdomsmiljøet lokalt. Dette bidrar til god samarbeidsrelasjon mellom alle aktørane og gjev rom for tidleg avklaring og tidleg innsats.

Det er vidare viktig at det er ressursar nok til at politiet kan møta ungdommen i faste foredrag på alle trinn i ungdomsskulen og vera tilstades der ungdommane elles møtast. Her kjem dei tidleg ut med

informasjon og byggjer gode relasjonar og tillit. Dei førebyggjande bekymringssamtalane er også eit sentralt arbeid som må vidareførast.

Oppsummert på førebyggingsområdet treng me eit politi som:

- er tett på og tilgjengeleg i og for heradet
- meistarar å balansera tidleg innsats og førebygging opp mot viktigheita av rask respons og oppklaring
- har avklarte roller og forventingar i det psykisk helsevern
- har høg mangfaldskompetanse

Beredskap

Det er grunnleggjande for beredskap at det er eit godt og nært samarbeid mellom kommunen og politiet, og mellom kommunane i regionen. Som regionsenter er Voss eit knutepunkt i alle politiet sine oppgåver. Voss må ha eit godt regionalt apparat for å sikre beredskapen, og det må vera tett samarbeider i regionen om øvingar og beredskap. Dette gjeld alt frå trafikkulukker, flaum og IKT-cybersikkerheit.

Det er svært viktig for Voss herad at dagens tilgjengelegheit og møtepunkt mellom heradet og politiet med politiråd, beredskapsråd og øvingsutval, vert ført vidare. Det er vidare viktig at politiet møter i den kommunale kriseleiinga (KKL).

Voss herad har svært gode erfaringar med ordninga med politikontakt og me ynskjer å utvikla denne formen for samarbeid, også på beredskapsområdet. Me ser behovet for ein beredskapskontakt etter modell av politikontakten. Det å bygge tillitsfulle relasjonar over tid, skaper låg terskel for å ta kontakt, sikrar god kommunikasjon, kompetansedeling og felles verkelegheitsforståing som er vesentleg for å lukkast med beredskapsarbeidet. Dette vil kunne bidra positivt til tryggleiken og opplevinga av tryggleik for innbyggjarane i regionen.

Samandrag

Denne saka gjeld Voss herad sitt innspel til Vest politidistrikt sitt framlegg om endring i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt.

Saksopplysingar

Vest politidistrikt har gjennomført eit prosjekt for å planleggja for, og førebu seg på, ei framtid med strammare budsjettammer og ein vanskelegare rekrutteringssituasjon. Målet med omorganiseringa er å sikre best mogleg polititenester til befolkninga – både i dag og i åra som kjem innanfor dei rammene me har til rådvelde. Det er særleg Hordalandsregionen som vert endra.

For Voss herad er det fylgjande endringar som er foreslått:

- Dagens Voss politistasjonsdistrikt blir slått saman med Kvam, Samnanger og Tysnes, og tek i tillegg over Vik kommune frå Sogn politistasjonsdistrikt.
- Det nye distriktet skal omfatte politistasjonane på Voss, Vik, Kvam, Tysnes (tilpassa politistasjon) og Fusa (tilpassa politistasjon).
- Vaksdal og Osterøy politistasjon blir lagt ned.
- Distriktet skal leiast frå Voss og får felles leiing og felles prioriteringar.

Det er peikt på fleire risikoar og avbøtande tiltak. Dei viktigaste risikoane er:

- Det nye Voss-distriktet vert geografisk stort, frå Vik til Tysnes og Hardangervidda, med lange avstandar og store sesongvariasjonar knytt til turisme.
- Det er risiko knytt til auka responstid og redusert beredskap, redusert lokal tilgjenge og publikumskontakt, svekka førebyggjande arbeid mot barn og unge og redusert samhandling med kommunane og andre beredskapsaktørar.

Politiet foreslår fleire avbøtande tiltak:

- Vidareføring av tilpassa politistasjonar i Fusa og Tysnes som skal støtte førebygging, politikontakt og samarbeid med kommunane.
- Etablering av mobile møteplassar, særleg i utkantområde og i Vaksdal etter at stasjonen der vert lagt ned.
- Meir bruk av felles vakt- og beredskapsordningar og flåtestyring av patruljar frå operasjonssentralen.
- Vidareføring og utvikling av samarbeid mellom politi og kommunar gjennom politikontakt, politiråd, SLT-arbeid og felles beredskapsplanlegging.

Vest politidistrikt har sendt framlegg til endra organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i politidistrikt på høyring hjå kommunane. Høyringsfristen er sett til 1. oktober 2026. Dei ber særleg om kommunane sine vurderingar innan tre område:

1. Generelle vurderingar av den samla tilrådinga og endringane som er føreslått
2. Spesifikke synspunkt på endringar og avbøtande tiltak knytt til sårbarheiter som rører den einskilde kommunen
3. Innspel til vidare samarbeid mellom kommune og politi for å sikre gode, tilgjengelege og førebyggjande polititenester for alle innbyggjarar innanfor gjeldande rammer

Rådmannen si vurdering:

Generelle vurderingar:

Rådmannen ser behovet for dei foreslåtte endringane i dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt, men peiker i høyringssvaret på viktigheita av tilstedeverande politi og at me bygger gode samarbeidsrelasjonar mellom kommune og politi. Kommunane er heilt avhengig av eit tilstedeverande politi som kjenner kommunen og utfordringsbilete for å driva effektiv førebygging. Politikontakten og dagens møtestruktur må halde fram og utvidast til å gjelde beredskapsområdet.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant

Miljø og klimakonsekvensar:

Ikkje relevant

Folkehelsekonsekvensar:

Eit synleg og tilgjengeleg politi er grunnleggjande for førebygging av kriminalitet som vidare er grunnlaget for eit trygt og godt lokalsamfunn.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert sendt eit høyringssvar slik det kjem fram i saka.

Vedlegg

Høyringsbrev - Endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt

17042026 Innstilling til strukturendringar i Vest politidistrikt